



DET KONGELEGE  
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT

# Prop. 151 L

(2010–2011)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

## Oppheving av hermetikkavgiftsloven og endringar i enkelte andre lover

*Tilråding frå Fiskeri- og kystdepartementet av 23. september 2011,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innhaldet i proposisjonen

Fiskeri- og kystdepartementet foreslår i denne proposisjonen å oppheve lov 8. juni 1984 nr. 52 om avgift på hermetikk (heretter hermetikkavgiftsloven). Slik forskrift 11. oktober 2000 nr. 1056 om avgift til forskning og utvikling i fiskeri- og havbruksnæringen nå lyder, er hermetikkavgifta i praksis allereie avvikla, med den følgje at alle eksportørar av hermetikk no betaler FoU-avgift til Fiskeri- og havbruksnæringens forskingsfond (FHF). Hermetikkavgiftsloven har dermed ikkje lenger noko å seie og bør opphevast.

Fiskeri- og kystdepartementet fremjar vidare forslag om å oppheve kravet om samrøystes vedtak i styret i FHF og innføre reglar om vedtak ved alminneleg fleirtal. Dette krev endring i lov 7. juli 2000 nr. 68 om avgift til forskning og utvikling i fiskeri- og havbruksnæringen.

Vidare er det forslag i denne proposisjonen om endring i lov 27. april 1990 nr. 9 om regulering av eksporten av fisk og fiskevarer (heretter fiskeeksportloven) som inneber at Eksportutvalget for fisk AS endrar namn til Norges sjømatråd AS (Sjømatrådet), då dette fortel betre kva som er selskapet sitt totale verkeområde.

### 2 Oppheving av hermetikkavgiftsloven

#### 2.1 Bakgrunn for forslaget

Innkrevjing av FoU-avgift på fisk og fiskevarer blir regulert av forskrift 11. oktober 2000 nr. 1056 om avgift til forskning og utvikling i fiskeri- og havbruksnæringen. Tidlegare gjekk det fram av § 5 i forskrifta at det ikkje skulle svarast FoU-avgift av varer som var omfatta av hermetikkavgiftsloven. § 5 er no endra slik at alle eksportørar av hermetikk betaler FoU-avgift til Fiskeri- og havbruksnæringens forskingsfond (FHF) på lik linje med andre eksportørar av fisk og fiskevarer. Det vart allereie ved etableringa av FoU-avgifta varsla at det skulle vurderast å innlemme hermetikkavgifta i FoU-avgifta. I St.prp. nr. 1 (2008-2009) for Fiskeri- og kystdepartementet vart det mellom anna varsla at

”Hermetikkavgifta og frivillig avgift til Sildolje- og sildemelindustriens forskningsinstitutt er ikke en del av FHF. Fiskeri- og kystdepartementet vil i forbindelse med oppfølginga av evalueringa ta initiativ til at disse innlemmes i FHF”.

Dette er følgd opp ved at forskrift om FoU-avgift i fiskeri- og havbruksnæringen er endra, og at den

tilhøyrande forskrifta til hermetikkavgiftsloven er oppheva. Lova har dermed ikkje lenger noko praktisk å seie, og bør difor opphevast.

## 2.2 Høyring

Fiskeri- og kystdepartementet sende 2. oktober 2009 forslag til diverse forskriftsendringar knytte til eksport av fisk og fiskevarer på høyring. Høyringa inkluderte også forslaget om å avvikle hermetikkavgifta og innlemme varer som svarar hermetikkavgift i FoU-avgifta. Høyringsfristen var 16. november 2009, og saka vart sendt til følgjande instansar:

Finansdepartementet  
Fornyings- og administrasjonsdepartementet  
Utanriksdepartementet

Fiskeridirektoratet  
Toll- og avgiftsdirektoratet

Eksportutvalget for fisk AS  
Innovasjon Noreg

Nofima  
Stiftelsen Norconserv

Finansnæringens hovedorganisasjon  
Landsorganisasjonen  
Næringslivets hovedorganisasjon

Fiskekjøpernes Foreining  
Fiskeri- og havbruksnæringens landsforening  
Norges Fiskarlag  
Norges Kystfiskarlag  
Norsk Nærings- og Nytelsesmiddelarbeiderforbund  
Norges Råfisklag  
Norges Sildesalgslag  
Norske Sjømatbedrifters Landsforening  
Sparebankforeningen

Bivdi  
Landsdelsutvalget  
Rogaland Fiskesalgslag  
Skagerakfisk  
Sunnmøre og Romsdal Fiskesalgslag  
Vest-Norges Fiskesalgslag

Ingen av høyringsinstansane har hatt innvendingar mot at hermetikkavgifta blir avvikla. Norsk

Nærings- og Nytelsesmiddelarbeiderforbund og Stiftelsen Norconserv støttar forslaget, men ber om at det blir øyremerkt tilsvarende middel for å sikre langsiktig kunnskapsutvikling og kompetanseoppbygging ved Nofima Norconserv. Nofima foreslår at det blir øyremerkt middel gjennom Noregs forskingsråd for å kompensere for bortfall av delar av grunnløyvinga til Nofima.

## 2.3 Departementet si vurdering

Departementet meiner det er tenleg at FoU-avgifta no er harmonisert, slik at alle eksportørar av fisk og fiskevarer betaler FoU-avgift til FHF. Dette gir eit meir heilskapleg, enklare og oversiktleg system.

Ved å avvikle hermetikkavgifta og innlemme hermetikk i FoU-avgifta slepp ein å betale FoU-avgift for innanlands omsetning av hermetikk. Dette gjeld størstedelen av dagens hermetikkproduksjon. For eksport av hermetikk har FoU-avgifta same sats som hermetikkavgifta, og dermed fører dette ikkje til endra avgiftsnivå.

Sjølv om omlegginga til FoU-avgift for hermetikk fører til at Stiftelsen Norconserv ikkje lenger er "tildelar" av FoU-midlane, bør FoU-behovet til næringa kunne takast vare på gjennom Nofima sin eigen dialog med næringa og via FHF sine føringar for kjøp av strategisk forskning i Nofima. Fiskeri- og kystdepartementet vil også måtte vurdere nivået for basisløyvingar for Nofima i åra som kjem.

## 2.4 Økonomiske og administrative konsekvensar

FoU-avgift på eksport av varer som var omfatta av hermetikkavgifta tilsvarar tidlegare nivå på hermetikkavgifta (0,3 pst.). Alle varer som før var omfatta av hermetikkavgifta og som vart omsette innanlands, er fritakne frå avgift og har dermed fått ein avgiftslette.

Hermetikkavgifta gav om lag 2-3 mill. kroner i årlege inntekter til Nofima Norconserv. Isolert sett får det å fjerne avgifta noko å seie for Nofima. På den andre sida bidreg FHF med eit vesentleg kjøp av forskningstenester til Nofima gjennom samarbeidsavtalen mellom FHF og Nofima. Det er difor å vente at eit slikt bortfall av avgift ikkje vil ha vesentlege negative verknader.

### 3 Endring i lov om avgift til forskning og utvikling i fiskeri- og havbruksnæringen (oppheving av kravet om samrøystes vedtak)

#### 3.1 Bakgrunn for forslaget

Det følgjer av lov om avgift til forskning og utvikling i fiskeri- og havbruksnæringen § 3 andre ledd at *”Beslutninger fattet av styret må være enstemmige. Dersom slik enstemmighet ikke oppnås, skal saken legges frem for departementet til endelig avgjørelse”*. Tilsvarende følgjer av forskrift om avgift til forskning og utvikling i fiskeri- og havbruksnæringen § 2 fjerde ledd. Dette inneber at i dag må alle i styret vere einige om dei vedtaka som blir gjorde.

FHF vart evaluert i 2006 (Rapport 6/2006 (NIFU STEP no NIFU)). Eit av poenga i evalueringa var at styret i FHF bør gjerast mindre avhengig av konsensus. Evalueringa vart sendt på brei høyring 27.11.2006, og fleire endringar er gjorde i forskrift om FoU-avgift i fiskeri- og havbruksnæringen. Departementet meiner det er naturleg å følgje opp dette ved å oppheve kravet om samrøystes styrevedtak. Bakgrunnen for dette er, som det også går fram av evalueringa, at dette kravet kan hindre nødvendig nyorientering. Gode rammevilkår for nyorientering er etter departementet sitt syn svært viktig for eit styre som skal utarbeide strategiar for bruk og fordeling av FoU-midlar. Krav om samrøystes vedtak kan medverke til manglande handlekraft og hindre nødvendige vedtak, og dermed hemme nyorientering. Konsensusprinsippet kan også føre til at drøftingane i styret blir mindre opne, med den følgja at viktige forhold ved ei sak blir tilslørte. Andre forskingsfinansierande offentlege ordningar har ikkje tilsvarende krav. Ei endring i tråd med ordningane for tilsvarende organisasjonar kan styrkje legitimiteten til FHF. På denne bakgrunnen meiner departementet at det ikkje er tenleg å halde på den noverande ordninga med krav om samrøystes vedtak i FHF.

#### 3.2 Høyring

Fiskeri- og kystdepartementet sende den 9. februar 2011 forslag om oppheving av konsensusprinsippet til følgjande instansar:

Innovasjon Noreg  
Noregs forskingsråd

Landsorganisasjonen

Fiskeri- og havbruksnæringas forskingsfond  
Fiskeri- og havbruksnæringens landsforening  
Norges Fiskarlag  
Norges Kystfiskarlag  
Norges Nærings og Nytelsesmiddelarbeiderforbund  
Norske Sjømatbedrifters Landsforening

Fiskeri- og havbruksnæringens landsforening, Norske Sjømatbedrifters Landsforening, Landsorganisasjonen og Fiskarlaget støttar forslaget om å oppheve konsensusprinsippet, og det har ikkje kome innvendingar mot forslaget.

#### 3.3 Departementet si vurdering

Departementet foreslår å innføre eit alminneleg fleirtalskrav for vedtak i styret. Det er mest tenleg at dette blir gjort ved at § 3 andre ledd i lov om avgift til forskning og utvikling i fiskeri- og havbruksnæringen blir oppheva, og at dei nærare og meir detaljerte føresegnene om styret får plass i forskrift om FoU-avgift i fiskeri- og havbruksnæringen § 2. Lov om avgift til forskning og utvikling i fiskeri- og havbruksnæringen § 5 gir departementet heimel til å gi nærare forskrifter om styret. Departementet vil på denne bakgrunnen foreslå at forskrift om FoU-avgift i fiskeri- og havbruksnæringen § 2 fjerde ledd blir erstatta med eit nytt ledd med følgjande ordlyd: *En beslutning av styret krever flertall av de avgitte stemmer. Står stemmetallet likt, gjelder det som styreleder slutter seg til*. Endringa inneber at det er tilstrekkeleg med alminneleg fleirtal for at styret kan gjere vedtak. Dersom stemmetalet står likt har styreleiaren dobbeltstemme. Dette tilsvarende ordninga i aksjeloven. Endringa i forskrifta vil bli gjort etter at § 3 andre ledd i lov om avgift til forskning og utvikling i fiskeri- og havbruksnæringen har vorte oppheva.

#### 3.4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Forslaget kan føre til mindre administrativ byrde for departementet ved at det ikkje lenger er behov for reglane om at saka skal leggjast fram for departementet dersom eit vedtak ikkje er samrøystes. Vidare blir det vurdert slik at forslaget ikkje får negative økonomiske eller administrative konsekvensar.

## 4 Endring i fiskeeksportloven

### 4.1 Bakgrunn for forslaget

Eksportutvalget for fisk AS (EFF) er organisert med hovedkontor i Tromsø, og har i tillegg utekontor i 12 land og marknadsaktiviteter i 20 land. Det noverande namnet gjev eit lite dekkande bilete av selskapet sitt totale verkeområde, som no meir enn før også omfattar den norske marknaden.

Ordet "eksportutval" er henta frå tidsepoken under og like etter 2. verdskrig, då lisensiering og regulering av fiskeeksporten var viktige oppgåver for eksportutvala. Dette vart avvikla ved den nye fiskeeksportloven som kom i 1990 - noko som førte til at EFF vart etablert i 1991. På bakgrunn av at arbeidsoppgåvene til EFF no hovudsakleg omfattar felles marknadsføring av norsk sjømat og omdømmebygging knytt til norsk sjømat, er det ønskjeleg å modernisere namnet, slik at ordet "eksportutval" blir fjerna.

### 4.2 Høyring

Fiskeri- og kystdepartementet sende 17. juni 2011 forslag om endring av namn til følgjande instansar:

Finansdepartementet  
Fornyings- og administrasjonsdepartementet  
Nærings- og handelsdepartementet  
Utanriksdepartementet

Fiskeridirektoratet  
Toll- og avgiftsdirektoratet

Eksportutvalget for fisk AS  
Innovasjon Noreg

Næringslivets hovedorganisasjon  
Landsorganisasjonen

Fiskeri- og havbruksnæringens landsforening  
Norges Fiskerlag  
Norges Kystfiskerlag  
Norsk Nærings- og Nytelsesmiddelarbeiderforbund  
Norges Råfisklag  
Norges Sildesalgslag  
Norske Sjømatbedrifters Landsforening

Rogaland Fiskesalgslag  
Skagerakfisk  
Sunnmøre og Romsdal Fiskesalgslag

Vest-Norges Fiskesalgslag

Det er foreslått at EFF endrar namn til Norges sjømatråd AS/Noregs sjømatråd AS. Høyringsinstansane som har uttalt seg stiller seg i hovudsak positive til sjøve namneendringa. Dei ser på det noverande namnet som lite dekkande, og alle som har uttalt seg støttar ei namneendring. I det nye forslaget er bruken av "råd" problematisert av Norges Råfisklag, Norges Sildesalgslag og Norske Sjømatbedrifters Landsforening. Andre gode namneforslag er vurderte, men då dei er registrerte på private næringsaktørar er desse forslaga ikkje aktuelle.

Dei andre høyringsinstansane støttar endringa av namnet frå Eksportutvalget for fisk AS til Norges sjømatråd AS.

### 4.3 Departementet si vurdering

I vurderinga av namneendringa er det lagt vekt på at Norges sjømatråd AS har ei god engelsk omsetjing med tanke på den internasjonale verksemda. Vidare er det lagt vekt på at selskapsnamnet reflekterer at det har ein offisiell status, i tillegg til at selskapet står for marknadsføring av sjømat. Namnet gir heller ikkje inntrykk av at selskapet sjøve driv med sal av sjømat.

På bakgrunn av dette blir det gjort framlegg om at Eksportutvalget for fisk AS endrar namn til Norges sjømatråd AS, med engelsk omsetjing Norwegian Seafood Council og forkortinga Sjømatrådet på norsk. Selskapet er eit heileigd statleg AS og skal i nynorsksamanheng ha det offisielle namnet Noregs sjømatråd og kortforma Sjømatrådet. Norges/Noregs sjømatråd skal i samsvar med norsk rettskriving skrivast med liten s. Kortforma Sjømatrådet skal skrivast med stor S. Namnet gjer det uproblematisk å vidareføre dagens e-postadresser (seafood.no og godfisk.no).

Namneendringa inneber at Norges sjømatråd AS, eller Sjømatrådet, vil erstatte Eksportutvalget for fisk AS og Eksportutvalget i fiskeeksportloven med tilhøyrande forskrifter.

Eksportutvalget for fisk AS har oppretta og registrert eit dotterselskap med namnet Norges sjømatråd AS (Sjømatrådet) for å sikre namnet. Etter lovendringa vil det bli gjennomført ein fusjon mellom dette dotterselskapet og morselskapet Eksportutvalget for fisk AS slik at sistnemnde kan overta namnet Norges sjømatråd AS (Sjømatrådet).

**4.4 Økonomiske og administrative konsekvensar**

Det er rekna med at namneendringa vil koste mellom 600.000 og 1.000.000 kroner. Opp mot halvparten av kostnaden vil gå med til å gjere namnet kjent. Midla knytte til namneendringa blir dekte av selskapet sjølv og finansierte av eksportavgifta. Vurderinga er såleis at endringa ikkje vil føre til

vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

Fiskeri- og kystdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om oppheving av hermetikkavgiftsloven og endringar i enkelte andre lover.

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak til lov om oppheving av hermetikkavgiftsloven og endringar i enkelte andre lover, i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til lov om oppheving av hermetikkavgiftsloven og endringer i enkelte andre lover

#### I

Lov 8. juni 1984 nr. 52 om avgift på hermetikk blir oppheva.

#### II

I lov 7. juli 2000 nr. 68 om avgift til forskning og utvikling i fiskeri- og havbruksnæringen blir § 3 andre ledd oppheva. Noverande tredje ledd blir nytt andre ledd.

#### III

I lov 27. april 1990 nr. 9 om regulering av eksporten av fisk og fiskevarer blir det gjort følgende endringer:

§ 2 skal lyde:

Norges sjømatråd AS

*Norges sjømatråd AS (Sjømatrådet)* er et aksjeselskap. Aksjeloven gjelder for Sjømatrådet om ikke annet følger av denne lov. Staten skal eie alle aksjer i *Sjømatrådet*.

Styret skal være representativt for fiskeri- og havbruksnæringen. Departementet kan ved forskrift gi nærmere bestemmelser om sammensetningen av styret.

*Sjømatrådet* skal utføre de oppgaver som er fastsatt i denne lov eller i forskrifter gitt med hjemmel i loven. For øvrig skal *Sjømatrådet* gi råd til departementet i spørsmål som angår eksport eller omsetning og produksjon i sammenheng med eksport.

Forvaltningsloven gjelder ikke for *Sjømatrådet*, unntatt i saker om enkeltvedtak som *Sjømatrådet* treffer etter § 3 i loven her.

§ 3 andre skal lyde:

Departementet kan ved forskrift gi *Sjømatrådet* fullmakt til å forvalte registreringsordningen og føre register over eksportører som etter loven har rett til å eksportere fisk og fiskevarer.

§ 6 første ledd bokstav a skal lyde:


a) en årlig avgift til *Sjømatrådet* som betales av den enkelte eksportør,

§ 6 tredje ledd første strekpunkt skal lyde:

– administrative kostnader ved drift av *Sjømatrådet*

#### IV

Lova gjeld frå den tida Kongen bestemmer. Del I tek likevel til å gjelde straks.







Trykk: AS O. Fredr. Arnesen. September 2011

241491